



Hordaland Fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3845 - 15/22130

Saksbehandlar:
Wenche Tyssøy Medaas
wenche.medaas@lindas.kommune.no

Dato:
12.06.2015

Den kulturelle spaserstokken: Rapport for bruk i 2014 (DKS 2013)

		Kr. 91.000,-
		Tal brukarar (plassar/snitt)
Arena	• Knarvik sjukeheim:	
	○ institusjon	73
	○ seniorsenter	60
	• Lindås bu- og servicesenter	26
	• Såta bu- og servicesenter	24
	• Lindåstunet	35
	• Seniorsenter, avdeling Ostereidet	15
	• Dagsenter i Alversund	5
• Eldrerådet	Eldredagen	

TILTAK		Tal arr.	Tal arena	Tal delt/snitt
Tiltak 1	Song- og dansetilstellingar	31	5	60
Tiltak 2	Konsertar og Jazzkafè og festar	39	7	60
Tiltak 3	Lyrikk, scenekunst, foredrag	5	1	35

Totalt har 27 musikarar/kulturformidlarar motteke honorar i tillegg til Hjelmås Mannskor, «Osterklang» (kor) og «Trekkspillklubben»



Tiltak 1: Song- og dansetilstellingar

Arrangement med song og musikk er 1. prioritet i kulturarbeidet for mottakarane av den kulturelle spaserstokken.

Dei ulike arenaene har regelmessig program – eigne krefter, frivillige eller innleide musikarar som tar ansvar for tema/sjanger.

Programposten det inviterast til er anten «syng med oss» eller «dans på lokalet».

Brukarane er kjend med ramma, men kan oppleve eit mangfald av musikalske opplevingar i løpet av året.

- Det være seg trekkspel, sving, populærmusikk (dans) eller allsong basart på årstider/høgtider, ein kjend komponist eller eit bestemt tema.

Tiltak 2: Konsertar, jazzkafè og festar

90% av dei musikalske innslaga i dette tiltaket er finansiert frå den kulturelle spaserstokken.

I 2014 har vi m.a. hatt konsertar med Ramona Sulen (song) og klaverkonsertar med Rune Alver. Rune Alver er frå Lindås og er profesjonell pianist.

Jan Helge Alver (medlem av Alverflaten Jazzband) er ein lokal jazzmusikar som har bidrege til eit regelmessig tilbod gjennom Jazzkafèen. Tidlegare har ikkje denne sjangeren vore tilbudt så ofte.

Tiltak 3. Lyrikk, scenekunst, foredrag

Ved Knarvik sjukeheim/Seniorsenteret i Knarvik står opplesing regelmessig på programmet. Ofte er det seniorar og tilsette som les eigne dikt eller les ei forteljing.

Marit Nesse besøkte seniorsenteret i november med «Songar gjennom livet» - ei song- og forteljarstund, og Trygve Fett hadde kåser om Eidemarken + opplesing av Audun Hetlands tekster.

Med helsing

Leni Dale
einingsleiar

Wenche Tyssøy Medaas
administrasjonssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune

Kultur- og
idrettsavdelinga

5020

BERGEN